

LOVER

for

Hordaland Biblioteklag.

— *Skipa 1938* —

Sunnhordlands Prenteværk - Stord

1.

Hordaland biblioteklag er ein samskipnad av folke- og skuleboksamlingar i fylket. Lokale biblioteklag (som leselag, ungdomslag, studiecirklar o.a.) og bibliotekinteresserte kvinner og menn, kan og vera med i laget. Laget skal vera innmeldt i Norsk Bibliotekforening.

2.

Fyremålet for laget er å arbeida for eit betre og meir målmedvite bibliotekstell, eit planfast opplysningsarbeid og eit sterkare samarbeid millom boksamlingane i fylket.

3.

Årspengar. Einskildpersonar og skuleboksamlingar bet. kr. 1,— for året. Folkeboksamlingar bet. kr. 2,—. Lokallagi betalar 10 øre for kvar av lagsfolki sine. Einskild personar kan verta livsvarige lagsfolk mot å betala kr. 20,— eingong for alle. Dei sistnemnde lagspengane kan setjast av til eit fond. Fondet fær sine eigne fyresegner. Rekneskapsåret gjeng frå 1. juli — 30. juni.

4.

Laget vel eit styre på 5 mann med 3 varamenn. Formannen vert vald ved sers val for eitt år um gongen. Av styret elles gjeng ut 2 kvart år, fyrste gongen etter loddkast. Varamenn for styret og 2 ettersynsmenn med varamenn, vert valde kvart år. Styret vel seg imillom varaform. og kasserar. Bibliotekkinnspektøren i Hordaland er sjølvskripen i styret (6te mann). Styret fører motebok.

5.

Årsmote vert halde kvart år på haustparten. Det skal kunngjerast saman med saklista minst 14 dagar fyreat.

Til årsmøtet kan boksamlingane velja 2 sendemenn kvar. Lokallagi upp til 5 — ein for kvar 10 lagsfolk.

Årsmøtet skal hava fyre: a) skrivi årsmelding. b) rekneskapan i ettersedd stand. d) arbeidsplan og budsjett for neste år. e) turvande val. f) andre saker som ligg fyre.

6.

Dei ymse saker vert avgjorde med vanleg fleirtal. Lovbrigde eller oppløysing av laget krev 2/3 fleirtal — og krav um dette må vera kome til styret minst 1 måned fyre årsmøtet.

7.

Vert laget oppløyst, fell lagseiga til «Norsk bibliotekforening» — likevel so, at vert det skipa nytt lag for fylket innan 10 år, hev det nye laget rett til å få eiga att.